

NYNORSKOPPLÆRING

EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

NR. 40 • HAUSTEN 2024



Ny opplæringslov – ei brekkstong for skriveprogram på nynorsk

TEKST: **Synnøve Marie Sætre**, senterleiar for Nynorsksenteret

ME ER I STARTEN av eit nytt skuleår, og som vanleg betyr det gjerne nye elevar, nye klassar og kanskje nye kollegaer. Dette skuleåret markerer også starten for den nye opplæringslova, som tok til å gjelde 1. august i år, og som kjem med nokre viktige endringar for nynorsken sin del.

Då lova vart vedteken i Stortinget i juni i fjor, var ein av dei største sigrane at det vart lovfest eit språkkrav til skriveprogram, og i § 15-4 står det no at skulen «skal bruke skriveprogram som støttar både bokmål og nynorsk, og som følgjer offisiell rettskriving».

Tidlegare har det vore språkkrav til skriveprogram i opplæringslova, noko som mellom anna fekk Microsoft til å tilby produkta sine på nynorsk. Det kravet vart fjerna i 2010, og sidan

har det vore fritt fram for både produsentar og skuleeigarar, samstundes som dei digitale einingane i skulen har blitt rulla ut i stor skala.

For svært mange elevar har mangelen på språkkrav til skriveprogram resultert i snublesteinar i skriveopplæringa framfor språkstøtte. Når ord som er skrivne riktig på nynorsk, likevel vert markerte med raud strek, seier det seg sjølv at det skaper eit hinder på vegen til å bli ein trygg språkbrukar.

Sprøjeundersøkingar som LNK (Landssamanlutninga av nynorsk kommunar) har utført, viser at mange skular i dag brukar skriveprogram utan nynorsk skrivestøtte. Dei fleste av dei som brukar skriveprogram som ikkje etterlever dei nye krava i opplæringslova, brukar Google sine produkt i opplæringa.

Språkkravet til skriveprogram i den nye opplæringslova har allereie synleggjort at lovkrav er vegen å gå for å hamle opp med dei store tekngigantane. Før sommaren kunne Google melde at tenestene deira kjem til å oppfylle krava i opplæringslova til skulestart. Det er ein kjempesiger for alle elevar som skal lære nynorsk, anten det er som hovudmål eller som sidemål. Ingen fleire raude strekar under riktig nynorsk!

Når Google no kjem med skriveprogram som støttar nynorsk, gjeld det å ha språkinnstillingane i orden for at elevane skal få drage nytte av det. Der vil me på Nynorsksenteret vere til hjelp, så følg med i kanalane våre.

Godt nytt skuleår – med nynorsk skrivestøtte!

NYNORSKOPPLÆRING nr. 40, 18. årgangen

BLADSTYRAR: Ingvild Myklebust Hovden

FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen

SPRÅKVASK: Ole Jan Borgund og Arild Torvund Olsen

SKRIFTTYPAR: Zeitung og Dolly

PRENTEVERK: NordvestProfil

FRAMSIDE: Trine Lise Normann

ISSN: 1890-3975

ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert gjeve ut av Nynorsksenteret.

Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.

Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

nynorsksenteret.no

No er det eit lovkrav at alle norske skular skal nytta skriveprogram som støttar både nynorsk og bokmål.

Sjekk skriveprogramma!

TEKST: Arild Torvund Olsen FOTO: Ingvild Myklebust Hovden



DEN NYE OPPLÆRINGSLOVA slår endeleg fast at alle elevar har krav på å få den same tekststøtta uavhengig av om dei skriv nynorsk eller bokmål. Det tyder at skular og skuleeigarar no er pliktige til å sjå til at skriveprogramma skulen nyttar, har tekststøtte, rettefunksjonar og liknande på både nynorsk og bokmål. «Skriveprogram» tyder alle former for læringsverktøy og tekstbehandlingsprogram som har slik tekststøtte. Her er ei lita hugseliste med kva de bør gjera før skulestart:

- 1 SET NYNORSK SOM FØRETREKT SPRÅK** i operativsystemet til elevane, slik at dei får nynorsk på dei nettsidene og programma som tilbyr det.
- 2 SJEKK AT ALLE SKRIVEPROGRAMMA** har nynorsk skrivestøtte, og vel nynorsk i innstillingane.
- 3 VEL NYNORSK TASTATUR/INNDATASPRÅK.** Dersom du vel bokmålstastatur, trur stavekontrollen at du skriv bokmål.

INNHALD

- 2 Ny opplæringslov – ei brekkstong for skriveprogram på nynorsk**
av Synnøve Marie Sætre
- 3 Sjekk skriveprogramma!**
av Arild Torvund Olsen
- 4 Ta elevane med inn i litteraturen**
av Ingvild Myklebust Hovden
- 6 Set nynorskopplæringa på agendaen!**
av Jorid Saure
- 8 Ressursar frå Nynorsksenteret**
- 12 Les Jon Fosse med elevane!**
av Reidun Kydland
- 14 Leseglede med podkast**
av Ingvild Myklebust Hovden
- 16 Nynorsk i vaksenopplæringa og modulstrukturert opplæring**
av Guro Kristin Gjøsdaal
- 18 Boktips frå nynorsk bok.no**
- 20 Nynorsk på 1-2-3**
av Arild Torvund Olsen og Kristoffer S. Mathisen

Lærer Guro Landa Eikeland ved Flekkerøy skole tek elevane med inn i litteraturen.
Her får du tips til korleis du kan arbeide med bøkene til Maria Parr.

Ta elevane med inn i litteraturen

TEKST: **Ingvild Myklebust Hovden** FOTO: **Privat**





LÆRAR GURO LANDA EIKELAND har lese *Tonje Glimmerdal* av Maria Parr for elevar sidan boka kom ut i 2009.

– Maria Parr skriv heilt fantastisk! Eg kjende at det var noko spesielt med *Tonje Glimmerdal*, seier ho.

I 2016 tok Eikeland vidareutdanning i lesing i Stavanger. Etter det har skjønnlitteratur levert innhaldet i norsktimane hennar i stor grad. Ho har brukt fleire bøker, men *Tonje Glimmerdal* er ei av bøkene som har fungert veldig godt på 4. og 5. trinn, fortel ho.

Korleis gjere det?

Før Eikeland startar eit litteraturprosjekt, tenker ho alltid gjennom kva ho vil det skal ende opp med, og kva elevane skal lære av prosjektet. Ho passar på å setje av nok tid til å kunne gjennomføre på ein god måte. Eikeland byrjar med å lese boka høgt for heile klassen. Elevane får ulike arbeidsoppgåver undervegs.

– Vi har mykje munnleg refleksjon og går gjennom ord og uttrykk. Eg legg all type grammatikk og språkjobbing inn i desse leseøktene, seier ho.

Samstundes som dei har lese *Tonje Glimmerdal*, har elevane fått bygge opp ein modell av heile Glimmerdalen.

– Eg trur det er positivt for elevane at dei får sjå føre seg Glimmerdalen fysisk. Det skaper ei større forståing for det vi les om, seier Eikeland.

Elevane har bygd fjell, vegar, hus av ulike materiale og laga personar i leire. Undervegs i lesinga viste læraren eit kart til elevane slik at dei skulle vite kvar handlinga føregjekk. Kartet hadde ein viktig funksjon for å få med alle elevane inn i litteraturen. Eikeland fortel også at mange elevar finn roa når dei får teikne medan ho les høgt.

Les på nynorsk

Ved Flekkerøy skole har elevane nynorsk som sidemål. Læreplanen legg opp til ein progresjon frå å lytte til tekstar på sidemålet til å lese sjølve og til å eksperimentere med skrivning på sidemålet. Introduksjonen til sidemålet skal ta til tidleg på barneskulen.

– Når eg les nynorsk høgt for alle, gjer eg språket meir tilgjengeleg og spennande for elevane, trur Guro Landa Eikeland.

Undervegs i prosjektet hadde elevane leseater. Læraren plukka ut nokre viktige replikkvekslin-

gar i boka som elevane fekk framføre som eit lite teater. Elevane har også feira Tonje sin 10-årsdag med å lage marmormuffins på skulekjøkenet, dei song Blåmann og hadde leikar.

– Ein må ikkje gløyme å leike sjølv om dei går på 5. trinn. Elevar likar å leike, seier ho.

Tekstsamling

Læraren fortel at elevane har laga ei tekstsamling som heiter *Det knakar i hjartet*. Tonje Glimmerdal er så glad i Gunnvald Glimmerdal at det knakar i hjartet.

– Elevane fekk i oppdrag å skrive ein tekst om nokon dei er så glade i at det knakar i hjartet. Dei har skrive om foreldre, besteforeldre og kjæledyr. Elevane har verkeleg arbeidd med desse tekstane. Vi har fått gjeve ut ei bok der alle desse tekstane er samla, og det gjer skrivinga meningsfull for elevane, seier Eikeland.

Ho trur det er mange bøker som eignar seg godt for litteraturprosjekt i klasserommet.

– Eg trur litteratur handlar om å lage eit felles univers. Vi som høyrer og reflekterer over boka, eig eit univers saman. Eg føler at det er skulen sitt ansvar å skape felles opplevingar og erfaringar gjennom litteraturen, seier læraren.

Korleis kan du skape ei variert og motiverande opplæring i nynorsk som sidemål?
Her kjem nokre konkrete tips for det nye skuleåret.

Set nynorskopplæringa på agendaen!

TEKST: Jorid Saure FOTO: Ingvild Myklebust Hovden



Å eksponere elevane for nynorsk er det enklaste tipset du kan følgje for å fremje ein større aksept for språket blant elevane dine.

FRAMFØRE DEG SIT 27 ungdomar på kvar sin stol. Etter nokre minutt med ståk og ståhei sit dei no endeleg og ser mot deg med passe interesserte blikk. Planen for timen er at elevane skal skrive tekst på sidemålet sitt, nynorsk, men du guarar deg til å møte reaksjonane på opplegget.

Er du norsklærer, er sjansane store for at du kjenner deg att i denne skildringa. I juni publiserte Språkrådet og NTNU (2024) ein rapport som viser at mange lærarar finn det krevjande å undervise i nynorsk som sidemål. Lærarane opplever fallande motivasjon blant elevane for nynorskopplæringa, og dei kjenner seg ofte utrygge på sin eigen nynorskkompetanse. Å undervise i nynorsk som sidemål vert med andre ord peika på som spesielt utfordrande av lærarane. Mykje kan gjerast for å betre situasjonen for både lærarar og elevar. Her kjem nokre konkrete tips for det nye skuleåret.

Gjer nynorsk umarkert

Å eksponere elevane for nynorsk er det enklaste tipset du kan følgje for å fremje ein større aksept for språket blant elevane dine. Bruk nynorsk i det daglege, skriv nynorsk på tavla, på vekeplanar og informasjonsskriv, og vis fram språket som eit bruksspråk. Dess meir vande elevane blir med å lese og sjå språket i bruk, dess mindre motstand vil dei vise mot språket. Det skjer ei viktig innlæring av språket når ein omgir seg med det.

Språklege mønster og ordbilete blir registrerte av hjernen, og det fremjar språklæring. Dekorér klasserommet med elevskrivne tekstar på nynorsk – og vis fram både tekstarbeidet og språket. Skriv klassereglane og andre oppslag som du veit skal henge i lengre tid i klasserommet, på nynorsk. Gjer med andre ord nynorsk umarkert og vanleg.

Nynorskopplæring = norskopplæring

Set deg som mål at du skal fremje ei kreativ og variert nynorskopplæring dette skuleåret der elevane får mengdetrening i å skrive og lese nynorsk. Mykje av nynorskopplæringa i skulen har vore knytt til grammatikkopplæring med vekt på formverk og vokabular (Blikstad-Balas & Roe, 2020, s. 146). Mange lærarar føler på tidspresset og ønskjer å fremje ei effektiv språklæring, men mykje læring og skuleengasjement kan gå tapt for elevane ved ei slik tilnærming. Det er viktig å hugse på at alt du kan gjere i norskfaget, kan du gjere på nynorsk. Legg opp til varierte skriveoppgåver, og bygg inn små økter med eksplisitt språkopplæring i tilknytning til skriveoppdrag. La elevane skrive langt og kort, formelt og uformelt på nynorsk, og la dei få feile og meistre.

Samarbeid og deling

Det å vere nysgjerrig på kvarandre si undervisning, og vere villig til å snakke om kva som har fungert bra og dårleg i klasserommet, er avgje-

rande for å utvikle eit profesjonsfellesskap i norskfaget. La difor nynorskopplæringa vere eit satsingsområde i norskseksjonen, og bygg opp ein delingskultur som utviklar den nynorskdidaktiske kompetansen i kollegiet. I ei tid då det vert opplevd som stadig meir utfordrande å representere norskfaget i klasserommet, er det ekstra viktig å etablere eit fagleg fellesskap som deler undervisingstips og inspirerer kvarandre. Kanskje spesielt i nynorskopplæringa. For det skjer mykje god nynorskundervisning rundt om i klasseromma. Vi må berre tore å opne dørene for kvarandre.

Godt nytt skuleår!

Kjelder


Blikstad-Balas & Roe (2020). *Hva foregår i norsk-timene? Utfordringer og muligheter i norskfaget på ungdomstrinnet*. Universitetsforlaget.
Språkrådet og NTNU (2024). *Norsklærereens kompetanser, roller og ansvar*.

RESSURSAR FOR BARNEHAGEN OG BARNESKULEN


Dagtavle og vêrplakat

nynorsksenteret.no/dagtavle

Mange byrjar dagen med å snakke om kva dag, årstid og vêr det er. Nynorsksenteret har laga ei nynorsk dagtavle og ein vêrplakat som kan vere utgangspunkt for samtale. Slik kan du utvide ordforrådet og borna si forståing for tid og andre samanhengar i kvardagen.



ILLUSTRASJONAR: Kristoffer S. Mathisen



Berte og Iver

berteogiver.no

Aktivitetssidene Berte og Iver inneheld språkstimulerande aktivitetar tilpassa dei eldste i barnehagen og dei yngste i barneskulen. Barna kan leike, improvisere og eksperimentere med rim, språklydar, staving og ord. Dei kan lytte til eit knippe nynorske barnebøker, utforske verdsrommet, gå på bokstavjakt og sjå korte animasjonsfilmar til inspirasjon for vidare arbeid.



RESSURSAR FOR BARNESKULEN




Framtidsdraumen min

nynorsksenteret.no/framtidsdraum

Å ha draumar for framtida har inga aldersgrense, og både unge og gamle kan ha draumar for dagane som ligg framfor dei. I denne ressursen for 7. trinn skal elevane skrive om ein av draumane sine for framtida, og dei skal skildre, grunngje og reflektere over draumane dei har.

Opplegget legg opp til både individuelt arbeid, kameratvurdering, bruk av ordbok på nett, samtale og felles gjennomgang i klassen. Hovudvekta ligg på skrivning, men i første økta skal elevane lese og arbeide med grammatikk.



Nynorske kryssord

nynorsksenteret.no/kryssord

På skulesidene våre finn du no ei lita samling med nynorske kryssord og puslekryssord for born.

Kom som du er

nynorsksenteret.no/kom

«Kom som du er» er ein fengjande og leiken venskapssong på nynorsk. Få med klassen eller skulen din og øv inn songen. Du finn tekst, tekstvideo, lydfiler til songen og danseinstruksjonar på sida til Nynorsksenteret.



Tilpassa leseopplæring: tekstar om kjæledyr

nynorsksenteret.no/dyr

Kjæledyr er eit populært tema. Dei nynorske tekstane i dette tverrfaglege opplegget for 3. og 4. trinn handlar alle om kjæledyr. Målet er at elevane skal lese og forstå faglege tekstar, oppleve meistring og skrive faglege tekstar gjennom ulike kreative oppgåver.



RESSURSAR FOR UNGDOMSSKULEN OG VGS.



Heime – tilhørslse, identitet og språk

nynorsksenteret.no/heimstad

Kva er heime for deg? Dette spørsmålet går som ein raud tråd gjennom denne undervisningsressursen. Songteksten «Heime» av Synne Vo er skriven på Lesja-dialekt. Gjennom å samanlikne både songteksten og talemålet sitt med det nynorske skriftspråket får elevane utforske språka.



Lag ein poesiverkstad!

nynorsksenteret.no/poesiverkstad

I denne undervisningsressursen finn du tips til korleis du kan inspirere elevane til å utforske språket og utfalde seg kreativt gjennom skrivinga. Eit anna delmål er å la elevane lese og bli kjende med den nynorske samtidslyrikken.

Dronning Ragnhilds draum – arbeid med nabospråk og grammatikk

nynorsksenteret.no/draum

Dronning Ragnhild var gift med Halvdan Svarte og var mora til Harald Hårfagre. I Snorres kongesoger blir det fortalt om ein draum ho hadde. Denne draumen blei tolka som at ho skulle få ein mektig son, og at ætta skulle breie seg over heile Noreg. Historia om draumen til dronning Ragnhild er gjengitt på fem språk, og desse variantane av den korte teksten kan danne utgangspunkt for å undersøke og samanlikne likskapar og skilnader mellom nabospråk.



ILLUSTRASJON: Erik Werenskjold



Ei rundreise i Noreg

nynorsksenteret.no/rundreise

To vener dreg på ei lang reise i Noreg. Undervegs blir det tjuefem ulike reisemål med ulike oppgåver og skriveoppdrag som skal løysast. Dette er eit undervisningsopplegg som kan gå over litt tid, og som ein kan ta fram med jamne mellomrom. Hovudoppgåvene er knytte til skriving, lesing og munnleg, men kjem innom fag som geografi, historie og kunst og handverk.



Retorisk analyse: «Endeleg er eg arbeidslaus»

nynorsksenteret.no/endeleg

Det å skrive ein retorisk analyse er ein av oppgåvetypene som blir gitt til eksamen i norsk på vidaregåande. I dette opplegget skal elevane arbeide med teksten «Endeleg er eg arbeidslaus. Dette er ein open jobbsøknad til absolutt alle» av Erlend Skjetne.



Bryllaupstid!

nynorsksenteret.no/bryllaup

I denne forteljingsløypa må elevane lese ulike typar saktekstar, tyde statistikk og tabellar og ta stilling til forskjellige påstandar. Å bruke bryllaupsplanlegginga som ei ramme for dei ulike lese- og skriveoppgåvene kan gjere det lettare for elevane å sjå verdien av det å kunne lese komplekse tekstar, orientere seg på nettstarar for offentlege tenester og å bruke skriving som ein reiskap til å kommunisere.



Jobbsøknadar, stillingsutlysingar og adjektiv

nynorsksenteret.no/utlysing

I stillingsutlysingar finn vi ulike adjektiv som skal passe til den som søker jobben, på sjølve arbeidsplassen eller på arbeidsoppgåvene. I dette opplegget ser vi på grammatikk, bruken av adjektiv og korleis du kan skrive ein jobbsøknad eller ei stillingsutlysing sjølv.

Det er mange gode grunnar til å bruke Jon Fosses tekstar i klasserommet.
Han er ein produktiv forfattar og skriv i alle sjangrar og for ulike aldersgrupper.

Les Jon Fosse med elevane!

TEKST: Reidun Kydland FOTO: Agnete Brun



I diskusjonar om norskfaget blir det lagt vekt på verdien av å lese ein heil litterær tekst, ikkje berre utdrag. Då eignar Fosse seg godt.

DET ER OPENBERT at ein bør lese ein norsk, moderne nobelprisvinnar. Fosse er omsett til over 50 språk og sett opp på scenen over 1000 gonger. Grunngevinga for prisen var at han gjev «ei stemme til det som ikkje kan seiast», og dette useielege kan ein utforske i klasserommet. Då utfordrar ein også myten om at Jon Fosse skriv så vanskeleg. Det har ein stor verdi å opne seg for tekstar som er annleis enn andre tekstar ein les. I Fosses tekstar er det mange høve til å utforske det tvitydige og det eksistensielle, det motsetnadsfylte som ikkje går opp.

I diskusjonar om norskfaget blir det lagt vekt på verdien av å lese ein heil litterær tekst, ikkje berre utdrag. Då eignar Fosse seg godt. Han skriv ikkje så langt, mange av verka hans er på rundt 100 sider. Om ein vel eit drama, kan ein også få høyre det lese på NRK-satsinga «Jon Fosse ord for ord».

Fosses skrivestil

Noko av det særmerkte ved Fosse er skrivestilen hans. Vi kjenner igjen eit vestnorsk kystlandskap, eit hus, ein benk og ein fjord. Dei fleste stadene er namnlause, dermed blir det eit stilisert og allment landskap. Hos Fosse er det få tidsmarkørar, ingen årstal, månader eller dagar. Men det kan vere morgon, haust eller kveld. Fortid og nåtid opptrer samtidig og har same status i teksten: «og alt er lenge sidan / og alt har nett skjedd».

Fosse skildrar tilstand og stillstand meir enn konkrete hendingar. Tema med variasjonar blir viktigare enn plot.

Fosse bruker berre komma og spørjeteikn i dei seinare tekstane sine og er kjend for dei mange gjentakingane. Det er gjentakingar med variasjonar på ulike nivå i teksten, og desse er gjerne med på å skape ei intens uro. Dei mange avbrytingane og pausane er også viktige i dramaa. Personane snakkar ofte for seg sjølv, og sviktande kommunikasjon blir tematisert i mange av tekstane. Replikkane er talemålsnære på ein måte, stiliserte på ein annan. Gjennom språket får Fosse fram tausheta, angsten og uroa utan at det er mange utfordrande metaforar.

Dramaa til Fosse har lite sidetekst, men oppsettet i replikkane kan mange gonger minne om lyrikk, og dei kan vere gåtefulle og mangetydige som dikt. Den omsnudde ordstillinga som etter kvart har blitt typisk for Jon Fosse – «for viss dei ikkje eingong henne hadde hatt» – bruker han første gong i *Morgon og kveld*.

Ulike arbeidsmåtar

På nettsidene til Nynorsksenteret finn de fleire undervisningsopplegg til tekstar av Fosse. Her finn du oppgåver til dramaa *Nokon kjem til å komme* (1996) og *Dødsvariasjonar* (2002), romanane *Morgon og kveld* (2000) og *Andvake* (2000) og korte prosatekstar i *Prosa frå ein oppvekst* (1994).

Desse ressursane fremmar varierte måtar å arbeide med tekstane på. *Dødsvariasjonar* og *Morgon og kveld* legg opp til ei nærlesing med lesestopp og oppgåver nær knytte til teksten. Samstundes er her meir overordna blikk på tekstane og aktuelle skriveoppgåver. Desse ressursane høver best for vidaregåande og ungdomstrinnet.

Vidare lesing

Jan H. Landro (2022): *Jon Fosse. Enkelt og djupt: om romanane og forteljingane hans*. Selja forlag.
Dag Skarstein og Inger Vederhus, red. (2020): *Jon Fosse i skulen*. Samlaget.

Undervisningsopplegg

På nettsidene til Nynorsksenteret finn de undervisningsopplegg til desse Fosse-tekstane:

- *Kant* (1990), barnebok
- *Prosa frå ein oppvekst* (1994), korte prosastykke
- *Nokon kjem til å komme* (1996), drama
- *Morgon og kveld* (2000), roman
- *Dødsvariasjonar* (2002), drama
- *Andvake* (2007), forteljing

nynorsksenteret.no/jon

Åtte fjerdeklassingar har laga podkaster med barneboktips saman med Nynorsksenteret. Målet med prosjektet er å skape leselyst og leseglede. Nynorsksenteret har laga eit undervisningsopplegg som viser korleis elevar kan lage slike podkaster.

Leseglede med podkast

TEKST OG FOTO: **Ingvild Myklebust Hovden** ILLUSTRASJON: **Mathilde D.**



ELEVANE HAR JOBBA med ni nynorske bøker for målgruppa 6–9 år. I podkasten fortel dei kva dei likar med bøkene.

– Vi håper barna kan vere med på å inspirere andre barn til å lese meir. Vi ønsker å løfte fram dei gode nynorske barnebøkene, seier høgskulelektor Heidi Fagna ved Nynorsksenteret.

Sju samlinger

Frå slutten av januar til slutten av april har Heidi og Ingvild frå Nynorsksenteret hatt sju samlinger med elevane. Her har dei lese bøker og diskutert innhaldet, og elevane har formulert sine egne meiningar om bøkene. Biletbøkene las dei på samlingane, dei lengre bøkene har lærarane deira lese for heile klassen.

– Eg synest det har vore veldig spennande å lage podkast, fordi det har eg ikkje gjort før, og det var fint å høyre nye bøker, seier Melissa (9).

– Eg synest det har vore veldig gøy med podkast fordi vi har fått snakke i mikrofon og høyre på det vi sjølv har laga. Det var også fint å få teikne på samlingane, seier Mathilde D. (9).

– Det er spennande at podkastane blir lagde ut på Internett, seier Sondre (9).

Tilrår å lese bøker

– Kva råd vil de gje til andre barn som skal lage podkastar som dette?

– Les bøker! Det er veldig kjekt, ein blir veldig inspirert av det, og ein blir rask til å lese, og det er veldig bra, seier Jesper (9).

– Einig med Jesper, og så blir ein også smartare av å lese bøker. Viss ein vil bli smartare, er det ein veldig bra måte å bli smartare på, seier Melissa (9).

– Viss du les, kjem du inn i ei verd der du blir kjend med mange nye folk, og så får du deg mange vennar og nokre uvennar, seier Mathilde D.

Lærte mykje

Dei åtte elevane har lært mykje av å vere med på prosjektet.

– Eg har lært korleis ein lagar podkast, seier Emil (10).

– Eg lærte å skrive kva eg likte i boka, utan å avsløre for mykje, seier Mathilde S. (10).

– Det er viktig å planlegge godt. Ein må skrive ned det ein skal seie, før ein tek opptak, og redigere etterpå slik at det ikkje blir veldig rart, seier Live (10).

Og dei har eit heilt klart råd til andre som har lyst til å lage podkastar:

– Høyr våre først, seier Olav (10).

Podkastane inneheld episodar på rundt to minutt som lærarar eller andre kan spele av for barn som treng leseinspirasjon. Kvar episode handlar om ei bok.

Kvar episode tek utgangspunkt i to spørsmål:

- 1 Kva handlar boka om?
- 2 Kva likar eg med denne boka?



La gjerne elevane teikne inntrykka dei får medan dei les. Her har Mathilde D. tolka Oskar og eg.

Undervisningsopplegg

Det er eit mål at elevar og lærarar på andre skular kan hente inspirasjon frå Barneboktipset til å lage egne podkastar. Nynorsksenteret har laga eit opplegg som viser korleis ein kan lage slike podkastar. Opplegget er laga med utgangspunkt i læringsmåla for 1.–4. trinn og 5.–7. trinn, men kan enkelt tilpassast eldre elevar.

[nynorsksenteret.no/
barneboktipset](https://nynorsksenteret.no/barneboktipset)

Nynorsksenteret har ansvar for å rettleie dei som driv med nynorskopplæring for vaksne innvandrarak. Frå hausten 2024 vert undervisinga i vaksenopplæringa modulstrukturert.

Nynorsk i vaksenopplæringa og modulstrukturert opplæring

TEKST: Guro Kristin Gjødal FOTO: Ingvild Myklebust Hovden



NYNORSKSENTERET HAR GENERELT eit interkulturelt pedagogisk perspektiv i arbeidet sitt. Nynorsksenteret har likevel eit særskilt mandat å bidra til å styrke opplæringa på nynorsk for vaksne innvandrarar. Deltakarar som bur i nynorskkommunar, skal få god opplæring i norsk og samfunnskunnskap på nynorsk. Nynorsksenteret er med på å sikre lærarar ved vaksenopplærings-sentera god rettleiing i bruk av nynorsk i opplæringa etter læreplan i norsk for vaksne innvandrarar. Frå hausten 2024 vert undervisinga i vaksenopplæringa modulstrukturert.

Modulstrukturert opplæring

Modulstrukturert opplæring er ei pedagogisk tilnærming som tek sikte på å gi vaksne elevar den kunnskapen og dei ferdigheitene dei treng for å nå spesifikke læringsmål. Opplæringa er delt inn i separate modular eller einingar. Kvar modul dekkjer eit bestemt tema eller ei ferdigheit, og det gjer det lettare å tilpasse læreplanen til dei behova og den læringsstilen som den enkelte eleven har.

Modulane kan vanlegvis gjennomførast i kva som helst slags rekkefølge, noko som gir fleksibilitet og gjer sjølvstyrt læring mogleg. Denne tilnærminga er spesielt nyttig for vaksne elevar, som ofte har jobb og familieansvar i tillegg til skulen.

Vaksne elevar vert oppfordra til å ta kontroll over eiga læring, sette seg eigne læringsmål og evaluere eigen framgang. Dette kan vere med på å auke motivasjonen og engasjementet for læring. Vurdering skjer vanlegvis i slutten av kvar modul, og dermed får elevane direkte tilbakemelding på kor godt dei forstår og meistrar materialet.

Mange av programma legg vekt på praktisk bruk av kunnskap og ferdigheiter, noko som er

spesielt relevant for vaksne elevar som ønsker å bruke det dei lærer, direkte i jobbsamheng. Sjølv om vaksenopplæringa fremmar sjølvstyrt læring, vert det sjølv sagt lærarstøtte i form av rettleiing, studiegrupper og andre ressursar for å hjelpe elevane å nå læringsmåla sine.

Nynorsksenteret og vaksenopplæringa

Nynorsksenteret gir rettleiing og er ein ressurs i faglege og pedagogiske spørsmål som gjeld målgruppa. Med grunnlag i opplæringslova og integreringslova skal senteret medverke til å samordne og styrke undervisninga som skjer lokalt, slik at opplæringa kan vere best mogleg tilpassa ulike elevgrupper. Vi samhandlar med fagmiljø som tek hand om norsk for innvandrarar og interkulturell pedagogikk, og har ei ressursgruppe i arbeidet.

Vi arrangerer digitale samlingar som femner alle effektivt i ein hektisk kvardag og arbeidssituasjon. Vi har også høve til å arrangere fysiske samlingar. På nettsidene våre er det eit oversyn over aktuelle læremiddel og læringsressursar for målgruppa. Det er viktig å merke seg at målgruppa treng jamstilte, tilstrekkelege og gode ressursar tilgjengeleg for god nynorskopplæring.

Deltakarar som bur i nynorskkommunar, skal få god opplæring i norsk og samfunnskunnskap på nynorsk.

Ressursgruppa 2024/2025

- Mali Åm – Ulstein kompetansesenter
- Mari Sannes Innerdal – Sogndal opplærings-senter
- Brit Jorund Liland – Voss vaksenopplæring
- Hilde Kristin Ellingsund – Kinn utdannings- og ressurs-senter
- Lene Vårum – HK-direktoratet
- Sara Marie Granheim – NAFO
- Toril Kristin Sjø – Universitetet i Oslo
- Guro Kristin Gjøsøl – Nynorsksenteret
- Hilde Kristin Bjørkedal – Ørsta opplærings-senter
- Sonja Jordanger Loen – Gloppen opplærings-senter
- Hilde Nesje – Stryn opplærings-senter

Kjelder

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (2024): Hva er modulstrukturert opplæring? Henta frå hkdir.no/voksenopplaering/modulstrukturert-opplaering-for-voksne/hva-er-modulstrukturert-opplaering

Boktips frå nynorsk bok.no



Veronika Erstad og Ella Okstad
**Saga og Storm og Kongens
fortjenestemedalje**


Saga er lei fordi ho alltid må passe på småsøkene. Tvillingane på eitt år grisar, og Leon på fire år er slit-sam. Ho vil heller vere saman med bestevenen Storm.

Saga drøymmer om å få kome på Slottet og få Kongens fortjenestemedalje, men korleis? Ho har høyrte at personar som trenar opp redningshundar, kan få medaljen, og ho bestemmer seg for å trene opp familie-hunden Bonus. Kva om dei sender Leon inn i skogen og får hunden til å finne han? Problemet er at plutsleg forsvinn Leon heilt på ekte. Kva skal dei gjere no?



Berenika
På fire bein. Bang!

Bang! er del fem av den vakre teikne-serien *På fire bein* av Berenika Kolo-mycka. Vesle Rev og Store Villsvin vender heim frå eventyr. Medan dei var vekke, har ein ny innbyggjar, Skjora, kome til dalen. Ho samlar på blanke skattar – allslags rusk og rask som viser seg å vere farleg for dei andre dyra. Eit glasbrot i sola fører til slutt til ein stor brann, og det blir eit drama på liv og død. Klarer alle dyra til slutt, i samarbeid, å sløkkje brannen og einast om eit levesett til det beste for alt og alle som lever i dalen?



Tone E. Solheim
Eg er V-vida

Niandeklassingen Vida har det ikkje så bra. Besteveninna Siri har flytta til Bergen, på skulen kjem Aurora og gjengen hennar stadig med spydige kommentarar til Vida. Dei kallar henne V-vida fordi ho stammar. Så begynner det ein ny gut i klassen, Viktor.

Eg er V-vida er ein aktuell roman om venskap, utanforskap, manglande sjølvtrull og dei utfordringane som følgjer med det. Det handlar også om kva som kan endre seg om ein først vågar.



Sunniva Relling Berg
Soldagen

Maja går av bussen ein tidleg morgon ein stad i Nord-Noreg. Det er høge brøytekanter og kaldt. Tanta veit ikkje at Maja kjem, og Maja har heller ikkje sagt noko til mamma, ho har berre reist.

Sunniva Relling Berg har skrivne nok ei spennande bok om utsette ungdomar som lett blir mistrudde og hamnar i vanskar. Romanen er lettlesn og engasjerande. Sjølv om ein del av personane er dei same som i *Polarnatt*, kan ein godt lese denne romanen frittstående.

Vil du ha e-post med oppdateringar frå Nynorsksenteret? **Nyhendebrevet** vårt kjem kvar månad og inneheld aktuelle saker, undervisningsopplegg og boktips. Du kan melde deg på via sida **nynorsksenteret.no/nyhendebrev**



RETURADRESSE: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



A-VERB:
Å KASTE - KASTAR - KASTA - HAR KASTA

E-VERB:
Å BALANSERE - BALANSERER -
BALANSERTE - HAR BALANSERT